

## NOTAT

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Fonna HF

**DATO:**  
**FRÅ:** Administrerende direktør  
**SAKSHANDSAMAR:**

**SAKA GJELD:** **Prosess for leiing og organisering**

**ARKIVSAK:**  
**STYRESAK:**

**STYREMØTE:**

### **Administrerende direktør si orientering pkt. 9**

---


Hausten 2017 starta prosessen med å sikre at leiing og organisering i Helse Fonna er tilpassa pasientens helseteneste og er i tråd med dei måla som føretaket har sett.

I fleire leiarsamlingar, gjennom mange diskusjonar og eit hundretals innspel har medarbeidarane diskutert framtidens organisering sidan oktober 2017. Administrerende direktør har lagt fram fleire forslag til framtidens Helse Fonna. Forslaga er diskutert med direktørgruppa, dei tillitsvalde og hovudverneombod og publisert for alle medarbeidarar på intranett. Det er samtidig opna for innspel direkte til administrerende direktør.

Engasjementet har vore stort, og eit nytt forslag frå administrerende direktør blei presentert for tillitsvalde i eit dialogmøte 8. mai og publisert på intranett 9. mai. Medarbeidarar kan på nytt gi innspel på framlegget, fram til 21. mai. Dei kan sende melding direkte eller ta sine innspel via leiar, tillitsvald eller verneombod.

Vidare prosess:

- Oppsummering av nye innspel og samla vurdering ultimo mai 2018
- Forslaget vil også vere tema på møter for alle medarbeidarar i Odda, Haugesund, Stord og Valen som administrerende direktør inviterer til ultimo mai.
- Endeleg forslag blir drøfta med tillitsvalde og behandla i arbeidsmiljøutvalet i juni
- Avgjerd blir tatt ultimo juni 2018, etter at utviklingsplan for Helse Fonna er vedtatt
- Eventuelle endringsprosessar blir starta hausten 2018




VEDLEGG: Faksimile frå intranettsaka med nyaste forslag til framtidig organisering, publisert 09.05.18

## Nytt forslag til framtidig organisering

– Tusen takk for engasjementet, kommentarane og innspela i prosessen for leing og organisering, seier administrerende direktør Olav Klausen.

Det har vore eit stort engasjement knytt til framtidig organisering.

– Eg ser av innspela at mange ønskjer å vere organisert slik dei er i dag. Mange vil behalde den strukturen vi har med leiarar som er tett på pasientbehandlinga, seier Klausen, som i dag legg fram eit nytt forslag til framtidig organisering.



I mai og juni vil administrerende direktør Olav Klausen invitere til allmøte på alle sjukehus. Datoar for dette blir snart publisert. Då vil mellom anna prosess for organisering og leing vere på agendaen. Den nye strukturen vil først blir endeleg etter at utviklingsplan for Helse Fonna er vedtatt i juni 2018.

Du kan framleis gi innspel til forslaget om ny struktur som nå ligg føre. Frist for å gi innspel er 21. mai. Innspela dine sender du til [innspel@helse-fonna.no](mailto:innspel@helse-fonna.no). Desse vil bli lest.



### **Ingen nye leiarnivå**

– Innspel frå medarbeidarane viser at vi har ei organisering som understøttar god pasientbehandling. Forslaget som nå er utarbeidd har derfor ikkje store overordna endringar i forhold til dagens organisering, seier administrerende direktør Olav Klausen. Det har vore ei klar føring for prosessen at det ikkje skal opprettast eit nytt femte leiarnivå i føretaket-

Ved Haugesund sjukehus vil dei planlagde endringane i samband med nytt bygg, som til dømes felles akuttmottak, felles hjerte- og lungeavdeling og felles avdeling for eldremedisin bli tatt omsyn til i ny organisering.

Stord sjukehus blir stort sett organisert som i dag, men med noko endringar for anestesi som er foreslått organisert saman med felles intensivevinga, FIA, i éi felles avdeling.

### **Psykisk helsevern**

Innan psykisk helsevern er DPS-a i Karmøy og på Haugalandet i praksis samorganiserte i dag. Nå blir dei i forslaget organisert saman under namnet Haugaland DPS. Nevropsykologiske tenester og polikliniske tilbod for psykisk utviklingshemma blir som i dag organisert i Klinikk for psykisk helsevern.

Akuttposten blir fortsatt organisert i Klinikk for psykisk helsevern. Direktøren er opptatt av at alle pasientar skal ha éi dør inn i akuttmottaket, uansett liding. For at denne organiseringa skal bli til beste for pasientane er det nødvendig med gode prosedyrar og avtalar mellom somatikk og psykisk helsevern.

### **Endringar i Haugesund**

Medisinsk klinikk og kirurgisk klinikk i Haugesund held fram som to klinikkar, men no med kvar sin leiar. I forslaget er det to avdelingar i medisinsk klinikk som blir kalla avdeling A og B. Avdeling A inneheld gastro, nefro og dialyse. Avdeling B inneheld hemato, onkologi og infeksjon. Gi gjerne innspel på gode namn til desse avdelingane.

Ny mottaksavdeling i medisinsk klinikk inneheld akuttmottak, observasjonspost og AMK. Administrerende direktør foreslår å leggje AMK saman med akuttmottaket.

Operasjon, anestesi og intensiv i Haugesund blir ny avdeling. I kirurgisk klinikk blir kar/mamma og urologi samla i éi avdeling. Øyre-nase-og hals held fram som eiga avdeling, det same gjer auge.

Barneavdelinga i Haugesund vil fortsatt vere organisert i medisinsk klinikk.

Det er forslått at terapeutane blir organiserte i Klinikk for medisinske tenester og beredskap. Fleire har ansvar på tvers i føretaket. På sikt vil direktøren vurdere å samorganisere terapeuttenestene i same avdeling for heile føretaket.

Medisinsk teknikk og behandlingshjelpemidler blir slått saman til éi avdeling. Pasientreiser blir flytta til avdelinga for ambulanse i Haugesund.

### **Odda og Valen**

Det vil bli stadleg leiing ved Odda og Valen sjukehus. Med ny struktur vil dei stadlege leiarane bli tettare følgt opp av administrerende direktør med faste møte og direkte kontakt. Odda vil halde fram som ei avdeling i medisinsk klinikk, medan Valen vil fortsatt bli ei avdeling i psykisk helsevern. Stadlege leiarar ved Valen og Odda sjukehus vil delta i rapporteringsmøte med administrerende direktør. Ved tilhøve ved sjukehusa som til dømes gjeld bygningsmasse, spesielle personalmessige tilhøve og beredskapsmessige tilhøve skal dei stadlege leiarane ved sjukehusa kunne ta direkte kontakt med administrerende direktør.

### **Samhandling til beste for pasienten**

- Framtidas leiing og organisering er både vanskeleg og spennande, seier Olav Klausen.
- Uansett korleis vi organiserer oss er det stort behov for samhandling på tvers av avdelingar og klinikkar. I dag har vi mange velfungerande pakkeforløp utan at dei er samorganiserte i klinikk eller avdeling, det viser at vi som helsepersonell er dyktige på å samarbeide om fag. Det må vi halde fram med, seier direktøren.

Han tar gjerne i mot nye innspel på dette siste utkastet til ny leiing og organisering i føretaket.